

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 50/2001  
av 30. mars 2001**

**om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 3/2000 av 4. februar 2000<sup>(1)</sup>.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/62/EF av 10. oktober 2000 om endring av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av færlig gods<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XIII nr. 42b (rådsdirektiv 96/49/EF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32000 L 0062**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/62/EF av 10. oktober 2000 (TEF L 279 av 1.11.2000, s. 44).”

*Artikkel 2*

Teksta til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/61/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 103 av 12.4.2001, s. 5, og EØS-tillegget til TEF nr. 20 av 12.4.2001, s. 30.

<sup>(2)</sup> TEF L 279 av 1.11.2000, s. 44.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 31. mars 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 30. mars 2001.

For EØS-komiteen  
Formann

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes      M. Brinkmann

---

(\* ) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.